



Veke 48, 30. november 2022

President **Anne Wiik Stamsø** opna møtet med eit **advents dikt** av forfattaren Bente Bratlund (f. 1952) – sjå ramma nedanfor til venstre. Bratlund har ein omfattande og allsidig produksjon med meir enn 40 bøker i ulike sjangrar, for barn, ungdom og vaksne.¹

Vi var 12 til stades på møtet, og ingen gjester. Det var heller ingen som hadde hatt bursdag i det siste. Det var eitt Tigris-innlegg. **Edrund Olaisen** hadde vore i bursdag til ein ukrainsk 6-åring, og understreka kor viktig det er å opne heimen sin for flyktningar.

Presidenten informerte om møta ut årstid:

- Det blir ikkje møte 7. desember
- Inge Kaggerud blir auksjonarius under den amerikanske auksjonen 14. desember
- Det blir ikkje møte 21. desember – det er for nær jul
- Det blir snakkegruppe med flyktningar 7. desember, men ikkje 14. desember

Deretter fortalte komiteane frå møta sine for ei veke sidan.

TRF-komiteen. *Kari Herder Kaggerud* fortalte at komiteen hadde drøfta mogelege prosjekt for klubben vår, og at dei hadde reist spørsmålet om vi skal søkje på eit *District Grant*.



Serviceprosjektkomiteen. *Tor Suhreke* fortalte at *Rotary-leikane* går av stabelen 25.3. 2023. Han informerte om komiteen som arbeider med *kulturminne langs Bamblekysten*, med representantar frå klubben vår, historielaget, turlaget og Bamble kommune og om samtaletimane med ukrainske flyktningar kvar onsdag (sjå biletet over til venstre). 3–5 rotarianarar møter opp kvar gong.

eg skulle tenna eit lys i dag
 for håp og glede
 ser ut på sola og fjorden
 og kjenner ei tyngd i kroppen
 for alle som ikkje kjenner
 håp og glede eller forventning
 for alle som ikkje ser fram til
 raudle blide nissar og stjerner
 for alle som ber mørke i seg
 som kjempar mot frykt
 og har einsemd som følge
 så skal eg kanskje likevel
 tenna eit lys i dag
 og løfta eit sterkt ønskje opp
 om ei adventstid der vi ikkje
 gløymer kvarandre vi som
 deler denne jorda saman



Ungdomskomiteen. *Berit Midtgård* fortalte at denne komiteen hadde drøfta to tema, *Vertsfamiliar* og *Oppfølging av utvekslingsstudent i haustsemestret*. Vi må intensivere arbeidet med å skaffe vertsfamiliar. Ho føreslår at medlemene i klubben får tildelt ei veke kvar for å ta seg av utvekslingsstudenten.

Medlemskomiteen. *Medlemsverring* var emnet for diskusjonen i denne komiteen, kunne **Espen Hoell** fortelje. Dei meiner vi bør bruke nokre møte framover for å drøfte dette. Bør vi fokusere på klassifikasjonen for å større yrkesmessig variasjon?

Kommunikasjonskomiteen. *Rolf Theil* fortalte at komiteen hadde diskutert korleis vi skal gjere arbeidet i klubben betre kjent i lokalsamfunnet, gjennom heimesida vår, Facebooksidene våre, *Det skjer i Bamble* og eventuelt lokalavisene.

Langesund, 6. desember 2022, **Rolf Theil**.

¹ Eg greidde ikkje å finne ut kvar Bente Bratlund hadde publisert dette diktet, så eg skreiv til ho og fekk straks svar: «Dette diktet skreiv eg for eit par år sidan og la ut på facebook, og det er ikkje kome i noko bok. Så kjekt at det blir brukt! God helsing Bente.»